

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 10.05.2023
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseeth og Asle Kjørlaug**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per april 2023**

Arkivsak

2023/944

Styresak 028/2023

Styremøte 12.05.2023


Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per april 2023 til vitende.

Administrerende direktør si vurdering

Resultatet for april er negativt med 7,2 millioner kroner, noko som gjev eit tilsvarande negativt avvik mot budsjett då det er budsjettert med eit null-resultat for månaden. Dette er eit større avvik mot budsjett enn føregående månad. Hovudårsaka til endringa denne månaden er negativ utvikling i aktivitet og inntekter.

Resultatet er prega av lågare aktivitet enn budsjettert, og aktiviteten samla sett var også lågare enn tilsvarande periode i fjor. Aktiviteten i somatikken, utanom H-resept, var 7,2 prosent lågare enn budsjettert, noko som utgjer 161 DRG-poeng. Hittil i år er aktiviteten i somatikken 1,5 prosent lågare enn budsjett, dette tilsvarar 135 DRG-poeng. Aktiviteten innan psykisk helsevern har også i perioden vore lågare enn planlagt.



Det er meirforbruk på løns- og personalkostnader på 6,1 millionar kroner. Administrerende direktør konstaterer at dette likevel er ei positiv utvikling då avviket i april og mars er lågare enn januar og februar. Det er størst avvik mot budsjett knytt til vikarbruk. Bruk av overtid, innleige og utvida arbeidstid (UTA) vert følgd opp månadleg som del av klinikkane si interne rapportering.

Revidert nasjonalbudsjett vert lagt fram 11. mai og Helse Førde vil få auka rammer. Auken er svært gledeleg, men som administrerende direktør tidlegare har påpeikt vil det framleis vere heilt nødvendig med fokus på kostnadsreducerande tiltak for at Helse Førde skal halde budsjetta. Prognosen basert på apriltal, viser at styringsfarten er om lag 30 millionar høgre enn budsjett. Administrerende direktør understrekar at det er fleire usikre faktorar i denne prognosen.

Når det gjeld fag viser tilgjengelegheitsindikatorane at det i april var ei viss forverring i forhold til førre månad og same tidsperiode i 2022, både innan somatikk og psykisk helsevern. Helse Førde er framleis midt inne i ein utfordrande situasjon knytt til å redusere totalkøen etter pandemien, og administrerende direktør meiner det kan vere utfordrande å betre situasjonen vesentleg på kort sikt.

Innan somatikken er det ein reduksjon i ventetid for dei som starta behandling (frå 84 til 78 dagar), men auke i ventetid for ventande (frå 68 til 75 dagar). Dette indikerer at vi ikkje har gitt tilbod til like mange langtidsventande som førre månad. Det er i hovudsak dei kirurgiske avdelingane som held ventetida oppe.

Det er også ein viss auke i talet på fristbrot som oppstod i april (242 nye). Det er ved kirurgisk avdeling og hudavdelinga at det er flest fristbrot. Det blei starta behandling av 146 pasientar som hadde fristbrot i Helse Førde, medan 32 fekk tilbod via Helfo. Det var då fleire nye fristbrot i april enn pasientar med fristbrot som starta behandling.

Innan psykisk helsevern og rus er det auke i ventetid både innan PHV og PBU. Administrerende direktør ser at det er den vedvarande utfordringa med tilgjengelegheit innan PBU som gjev mest grunn til uro, og det er viktig å halde fokuset på dette området.

Det er fleire indikatorar med tertialvis rapportering som skal rapporterast på denne månaden. Desse vil bli presenterte i styremøtet.


Sjuefråværet for mars er 7,5 prosent. Dette er på same nivå som tidlegare i år og vesentleg lågare enn same periode i fjor. Framleis er det noko høgare enn «normal»-nivået til Helse Førde i eit lengre perspektiv.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nytilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:


- Somatikk: 75 dagar ved utgangen av april (68 i mars). 63 i april i fjor. Altså +12 frå i fjor.
- PHV: 31 dagar ved utgangen av april (28 i mars). 32 i april i fjor. Altså -1 frå i fjor.
- PBU: 37 dagar ved utgangen av april (31 i mars). 37 i april i fjor. Altså som i fjor.
- TSB (rus): 24 dagar ved utgangen av april (8 i mars). 20 i april i fjor. Altså -4 frå i fjor.



Ventetid - helsehjelp starta i perioden


Gjennomsnittleg ventetid for dei nytilviste som fekk starta behandling i april, var:

- Somatikk: 81 hittil i år (78 dagar i april) – måltal er 50. 75 hittil i fjor. Altså +6 frå i fjor.
- PHV: 30 hittil i år (36 dagar i april) – måltal er 40. 38 hittil i fjor. Altså -8 frå i fjor.
- PBU: 51 hittil i år (57 dagar i april) – måltal er 35. 50 hittil i fjor. Altså +1 frå i fjor.
- TSB (rus): 22 hittil i år (21 dagar i april) – måltal er 30. 26 hittil i fjor. Altså -4 frå i fjor.



Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 146 fristbrot på behandla pasientar i april svarande til 8,7 prosent av behandla i april (8,4 prosent i mars). Gjennomsnitt for Helse Vest er 8,7 prosent.
- Førebels registrert 242 nye fristbrot i april, svarande til 8,2 prosent av alle med frist i april (6,5 prosent i mars).



Direkte timetildeling – måltal 100 prosent (ingen tentative timer)


- Førebels 77 prosent for første time (70 prosent i mars). Gjennomsnitt for Helse Vest er 83 prosent.
- Førebels fikk 61 prosent oppfølgingstime innen 24 timer (60 prosent i mars). Gjennomsnitt for oppfølgingstime i Helse Vest er 63 prosent.

Foreløpige tall

	2019	2022	2023 hittil	apr.23
HELSE BERGEN HF	80 %	76 %	80 %	83 %
HELSE FONNA HF	74 %	72 %	80 %	83 %
HELSE STAVANGER HF	84 %	81 %	79 %	83 %
HELSE FØRDE HF	75 %	60 %	71 %	77 %
KIRURGISK KLINIKK	71 %	56 %	62 %	67 %
MEDISINSK KLINIKK	76 %	63 %	81 %	92 %
PSYKISK HELSEVERN	88 %	82 %	75 %	72 %

Del ikkje møtt

Høgare enn normalt med 3,4 prosent (3,0 prosent i mars). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,7 prosent.



Epikrisetider

Innan ein dag (mål 70 prosent)

- Somatikk 74 prosent denne månaden og hittil i år 74 prosent (74 prosent i heile 2022).
- Psykisk helsevern 42 prosent denne månaden og hittil i år 36 prosent (34 prosent i heile 2022).
- TSB/rus 87 prosent denne månaden og hittil i år 69 prosent (65 prosent i heile 2022).

Innan sju dagar (mål 100 %):


- Somatikk 90 prosent denne månaden og hittil i år 90 prosent (91 prosent i heile 2022).
- Psykisk helsevern 77 prosent denne månaden og hittil i år 85 prosent (85 prosent i heile 2022).
- TSB/rus 100 prosent denne månaden og hittil i år 92 prosent (90 prosent i heile 2022).

Korridorpasientar

28 korridorpasientar, svarande til 0,4 prosent av innlagde (0,3 prosent førre månad). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,5 prosent.

Utskrivingsklare pasientar

6 døgn i april, svarande til 0,1 prosent av alle liggedøgn (0,1 prosent i snitt i 2023 mot 0,2 prosent i 2022). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,4 prosent.



AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 658	1 733	-75	1 667	-9	7 041	7 138	-97	6 834	207
DRG-poeng poliklinikk, A	377	452	-75	397	-20	1 864	1 882	-18	1 799	65
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	125	149	-24	116	10	1 141	1 082	59	1 110	31
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	45	56	-11	70	-25	202	222	-20	244	-43
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 206	2 390	-184	2 250	-45	10 248	10 324	-76	9 988	260
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	141	133	7	93	48	535	582	-47	489	46
Sum DRG-poeng eigne pasientar (A+C)	2 301	2 467	-166	2 273	28	10 582	10 684	-102	10 233	349
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 100	1 301	-201	1 142	-42	5 017	5 288	-271	5 157	-140
Tal sjukehusopphald	1 369	1 481	-112	1 406	-37	5 732	6 083	-351	5 641	91
Tal polikliniske konsultasjonar	9 045	10 323	-1 278	9 170	-125	43 591	42 886	705	41 993	1 598

DRG indeks	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
Dag/døgn	0,672	0,623	0,049	0,654	0,017	0,655	0,628	0,027	0,633	0,022
Poliklinikk	0,042	0,044	-0,002	0,043	-0,002	0,043	0,044	-0,001	0,043	-0,000


Perioden

Samla DRG-produksjon i somatikken var 7,7 prosent lågare enn budsjett (-166 poeng) i perioden, noko som er 2,0 prosent under tilsvarande periode i fjor (-45 poeng). Aktiviteten i perioden er 12,1 prosent lågare enn budsjett målt i samla tal behandlingar. Det er 1,7 prosent lågare aktivitet enn tilsvarande periode i fjor.

Til no i år

DRG-produksjonen hittil i år er 0,7 prosent under budsjett (-102 poeng), men 2,6 prosent høgare enn akkumulerte tal i fjor (+349 poeng). Samla er aktiviteten 0,2 prosent høgare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, noko som er 2,9 prosent over tilsvarande periode i fjor.

Beleggsprosent



Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
DRG poeng	359	377	-18	351	8	1 709	1 705	4	1 571	138
Tal heildøgnsopphald	1 346	1 592	-246	1 402	-56	5 575	6 422	-847	6 064	-489
Tal utskrivne pasientar	59	91	-32	72	-13	305	356	-51	327	-22
Polikliniske kons. m/refusjon	1 833	1 980	-147	1 832	1	8 763	8 948	-185	8 688	75
Rus										
DRG poeng	34	39	-5	40	-6	150	183	-33	150	0
Tal heildøgnsopphald	654	630	24	585	69	2 743	2 486	257	2 044	699
Tal utskrivne pasientar	16	19	-3	14	2	85	90	-5	57	28
Polikliniske kons. m/refusjon	121	200	-79	210	-89	647	947	-300	877	-230
Psykisk helsevern barn og unge										
DRG poeng	360	484	-124	416	-56	2 016	2 320	-304	1 880	136
Tal heildøgnsopphald UPH	80	127	-47	108	-28	385	506	-121	453	-68
Tal utskrivne pasientar UPH	9	10	-1	9	0	37	41	-4	42	-5
Polikliniske kons. m/refusjon	1 069	1 612	-543	1 483	-414	5 909	7 718	-1 809	6 736	-827

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)


Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore lågare enn plan i perioden, men nokolunde på nivå med fjoråret.

Innan TSB har er aktiviteten god, men litt låg innan poliklinikk.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore svært låg. Vi har aldri hatt lågare tal polikliniske konsultasjonar i ein aprilmonad.

Beleggsprosent



ØKONOMI

Artskonto	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil	Årsbudsjett
☒ ISF inntekter	49 204	51 764	-2 560	222 803	224 769	-1 966	637 851
☒ Gjestepasient inntekter	2 430	2 449	-20	10 538	10 026	512	33 067
☒ Poliklinikk og andre pasientinntekter	10 770	13 403	-2 632	53 073	56 556	-3 483	174 325
☐ Pasientrelatert inntekt	62 404	67 616	-5 212	286 414	291 351	-4 937	845 243
☒ Basistilskudd	215 693	214 828	865	836 361	835 643	718	2 521 185
☒ Andre inntekter	5 557	5 974	-417	21 712	23 890	-2 178	72 670
☐ Sum Driftsinntekter	283 654	288 418	-4 764	1 144 487	1 150 884	-6 397	3 439 098
☒ Varekostnader og Helsetjenester	-41 969	-40 576	-1 392	-169 373	-165 188	-4 185	-502 449
☒ Lønn- og personalkostnader	-201 172	-195 066	-6 106	-803 664	-771 199	-32 465	-2 296 444
☒ Øvrige kostnader	-39 983	-42 780	2 797	-164 962	-174 517	9 555	-520 215
☒ Av- og Nedskrivning	-8 094	-8 413	320	-31 871	-33 653	1 782	-101 000
☐ Sum Driftskostnad	-291 217	-286 836	-4 381	-1 169 869	-1 144 557	-25 313	-3 420 108
☐ Driftsresultat	-7 563	1 582	-9 145	-25 382	6 327	-31 710	18 990
☒ Sum Finans	392	-1 582	1 974	-94	-6 327	6 233	-18 990
☐ Totalresultat	-7 171	0	-7 171	-25 477	0	-25 477	0

Perioden

Resultatet i april er -7,2 millionar kroner, noko som gjev eit tilsvarande avvik mot budsjett då Helse Førde har budsjettert med null (0) kroner i resultat i 2023.

Aktiviteten innan både somatikk og psykisk helsevern er i april lågare enn budsjettert, noko som gjev eit negativt inntektsavvik på 5,2 millionar kroner på pasientrelaterte inntekter. Det er negativt resultatavvik knytt til både ISF-inntekter og inntekter frå poliklinikk og andre pasientinntekter. Samla er det negative inntektsavviket på 4,9 millionar kroner.

Det er eit meirforbruk på varekostnader denne månaden. Kostnader knytt til H-resept er som budsjettert, medan det er mindreforbruk knytt til gjestepasientkostnader. Det er meirforbruk knytt til medisinsk heimebehandling og vareforbruk elles i føretaket, då særskilt medikament. Øvrige kostnader er lågare enn budsjettert, då spesielt grunna lågare kostnader til pasienttransport enn budsjettert, lågare straumkostnader og avsetjingar knytt til andre ikkje pasientretta kostnader.

Løns- og personalkostnader er i perioden 6,1 millionar over budsjett. Dette er noko høgare enn føregåande månad, men samstundes ei positiv utvikling samanlikna med dei fyrste månadene i 2023. Det er størst negativt avvik knytt til vikarbruk, overtid, UTA og andre faste tillegg. Kostnader knytt til innleige er noko redusert, men framleis høgare enn budsjettert. Det er i perioden bokført lønsrefusjonar på 3,0 millionar kroner.

Akkumulert


Resultat hittil i år er -25,5 millionar kroner, noko som gjev eit avvik i høve resultatkravet på tilsvarande beløp.

Driftsinntektene er samla 6,3 millionar kroner bak budsjett, med eit negativt avvik knytt til ISF-inntekter på 2,0 millionar kroner og poliklinikk/andre pasientinntekter på 3,5 millionar kroner. Samla lønsutgifter er 32,5 millionar kroner høgare per april enn budsjettert. Utviklinga er framleis krevjande. Det er meirforbruk knytt til varekostnader, men mindreforbruk knytt til øvrige kostnader per april. Samla er driftsutgiftene 25,3 millionar kroner høgare enn budsjettert. Det er positivt budsjettavvik knytt til både renteutgifter og avskrivningar per april.

Likviditet

Ved utgangen av april 2023 hadde Helse Førde ein positiv saldo på konto med 14,2 millionar kroner. I tillegg kjem 95,2 millionar kroner på skattetrekkkonto per 30. april.


Føretaket si disponible trekkramme på driftskreditten har auka til 551,5 millionar kroner. Dette skal hovudsakleg dekke pensjonsforpliktingar. Det er lagt til grunn optrekk på byggelån knytt til Nye Førde sjukehus på samla 213 millionar kroner gjennom 2023, medan det er budsjettert med samla utbetalingar til investeringar på 631,2 millionar kroner. Dette vil medføre press på likviditeten gjennom året, og Helse Førde vil vere avhengig av kassekreditten for å ha disponibelt likvide midlar.



Diagrammet illustrerer estimerte likviditetsutvikling for Helse Førde ut år 2023. Hovudalternativet syner likviditetsutviklinga dersom føretaket leverer eit resultat i samsvar med årsbudsjett. Vidare syner alternativet med stipla linje ei framskrivning av likviditeten basert på prognose for året og ekstraløyvingar gjennom revidert statsbudsjett. Framskrivningane er eksklusiv likviditeten som er estimert å vere låst til skattetrekkskontoen i den enkelte månaden. Det vert ei spesielt negativ utvikling i august som følgje av store pensjonskostnader som må betalast i denne perioden.

MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla sjukefråvær i mars var 7,5 prosent. Dette har vore eit stabilt nivå gjennom 2023, men ein betydeleg reduksjon samanlikna med 2022. Det er negativ utvikling i langtidsfråværet, medan korttidssjukefråværet er redusert samanlikna med føregåande månader.

